

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Selskap: Helse Vest RHF
Dato: 18.04.2006
Sakshandsamar: Berit Bore
Saka gjeld: **Årsoppgjer 2005 - Rekneskap og styret si årsmelding**

Styresak 034/06 B

Styremøte 03.05. 2006

Bakgrunn

Helseføretaka er pliktige til å følgje rekneskapslova etter lov om helseforetak.

I følgje §3-1 i rekneskapslova skal rekneskapspliktige for kvart år utarbeide årsrekneskap og årsmelding i samsvar med bestemmingar i same lov. Årsrekneskapen og årsmeldinga skal underskrivast av alle styremedlemmane og daglig leiar.

Rekneskapen for føretaksgruppa skal byggje på dei konsoliderte føretaka sine rekneskapar og omfattar resultatrekneskap, balanse, kontantstraumsanalyse og noter.

Følgjande helseføretak og selskap inngår i konsernrekneskapen:

Helse Vest RHF
Helse Bergen HF
Helse Stavanger HF
Helse Fonna HF
Helse Førde HF
Helse Vest IKT AS
Vestlandsmat AS

Kommentarar

Årsrekneskap med årsmelding for Helse Vest RHF - morselskap - og føretaksgruppe blir med dette lagt fram.

Det er nytta felles rekneskapsprinsipp og alle vesentlege interne transaksjonar er eliminerte.

Rekneskapen for føretaksgruppa viser eit samla underskot på kr 518 495 313. Underskotet i morselskapet er på kr 502 820 034. Det dårlege resultatet i morselskapet har skuld i nedskriving av verdien av innskoten eigenkapital i dotterføretaka. Nedskrivinga utgjorde kr 642 686 678 i 2005. Nedskrivinga er eliminert i rekneskapen for føretaksgruppa av di underskota kjem fram av rekneskapa til dotterføretaka.

Driftsresultat før avskrivingar viser eit overskot på 447 millionar kroner mens ordinære avskrivingar utgjer 955 millionar kroner.

Resultatet er betra med 348 millionar i høve til rekneskapen for 2004. Av dette utgjer endra prinsipp for berekning av forplikting vedkommande overlegepermisjon 58 millionar kroner.

Resultatmåling

Helse- og omsorgsdepartementet vil måla resultat etter at avskrivingar utover kva dei hadde lagt til grunn ved budsjetthandsaminga er trekt frå. Korrigert resultat blir etter dette:

Resultat i høve til årsrekneskapen - underskot	kr 518 495 313
Ført mot strukturfond	” -128 607 809
Meiravskrivingar som har skuld i kortare økonomiske levetider	” -208 097 271
Korrigert resultat – underskot	<u>kr 181 790 233</u>

Tabellen under oppsummerar avvika i forhold til budsjett (tal i heile mill. kroner):

Budsjettert resultat 2005	-48
Meiravskrivingar på investeringar 2002-2005	<u>-91</u>
Budsjettert resultat 2005 - resultatmåling eigar	-139
Budsjettavvik:	
Helse Bergen HF:	
- Budsjettavvik meldt inn i november	-25
- Budsjettavvik oppstått i desember	<u>-69</u>
Helse Fonna HF	-25
Helse Førde HF	-22
Helse Vest IKT AS	-7
Reduksjon i korreksjon for meiravskrivingar	-18
Helse Vest RHF, m.a. reserve i RHF'et	124
Avrunding grunna tal i heile mill.	<u>-1</u>
Korrigert resultat - resultatmåling eigar	-182
Meiravskrivingar ført mot strukturfond	-128
Meiravskrivingar som følgje av kortare levetid	<u>-208</u>
Rekneskapsmessig resultat 2005	-518

Forslag til vedtak:

1. Styret legg vedlagte årsrekneskap med kontantstraumanalyse, og noter fram for føretaksmøtet til godkjenning
2. Styret vedtar styrets årsmelding med dei endringar som kjem fram i møtet.

Trykte Vedlegg:

- 1 Konsernrekneskap med noter for Helse Vest
- 2 Forslag til årsmelding frå styret i Helse Vest
- 3 Oppsummering revisjon 2005 for Helse Vest

Utrykte vedlegg:

- 4 Rekneskap med noter og årsmelding frå Helse Bergen HF
- 5 Rekneskap med noter og årsmelding frå Helse Stavanger HF
- 6 Rekneskap med noter og årsmelding frå Helse Fonna HF
- 7 Rekneskap med noter og årsmelding frå Helse Førde HF
- 8 Rekneskap med noter og årsmelding frå Apoteka Vest HF
- 9 Rekneskap med noter og årsmelding for Helse Vest IKT AS
- 10 Rekneskap med noter og årsmelding frå Vestlandsmat AS
- 11 Oppsummering revisjon 2005 for Helse Bergen HF
- 12 Oppsummering revisjon 2005 for Helse Stavanger HF
- 13 Oppsummering revisjon 2005 for Helse Fonna HF
- 14 Oppsummering revisjon 2005 for Helse Førde HF
- 15 Oppsummering revisjon 2005 for Apoteka Vest HF
- 16 Nummerert brev frå Ernst & Young til Helse Vest IKT av 30.11.2005